



Eva Cecilie Holm

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/679 - 18/11327

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
30.07.2018

Byggesak gbnr 17/25,74 Rossneset/Ospeneset 25 - bod - svar på spørsmål om søknadsplikt

Viser til dykkar e-post av 04.07.18 med spørsmål om søknadsplikt for følgjande tiltak knytt til eksisterande uthus/bod:

- Nytt saltak/heving av tak på eksisterande uthus
- Tilbygg til eksisterande uthus frå 3x4 meter til 4x6 meter
- Bruksendring til badstu for del av uthuset

Bygningsstatus


Kommunen legg til grunn at spørsmålet gjeld bygningen som er vist med raud markering i flyfoto:



Bygningen er ikkje registrert i matrikkelen (eigedomsregisteret).

Planstatus

Eigedomen dykkar ligg innafør reguleringsplan for Rossneset og har arealføremål byggeområde for fritidsbustad.




Utsnitt frå reguleringsplan for Rossnes

Etter reguleringsføresegna § 3 er det ikkje tillete å føre opp frittliggjande uthus på eigedomen.

§ 3. Byggeområde:

I byggeområde kan det berre førast opp hytter og næust.
Oppføring av frittliggjande uthus er ikkje tillate.

Kommunen gjer merksam på at det også er kommunalt fastsett byggegrense mot sjø på eigedomen etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23.



Utsnitt frå Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 m/byggegrense mot sjø (grå stipla line)

Søknadsplikt

Etter reguleringsføresegna § 3 er det forbod mot oppføring av frittliggjande uthus på eigedomen. Forbodet vil gjelde både ved oppføring av nytt uthus og ved søknadspliktig rehabilitering/tilbygg/bruksendring (jf. a, b og c ovanfor) av eksisterande uthus. Tiltaka krev dispensason frå reguleringsføresegna og vil såleis vere søknadspliktig.

Før ein eventuell søknad må status for eksisterande bygningen vere avklart for å kunne avklare om tiltaket vil vere oppføring av nybygg eller rehabilitering/tilbygg/bruksendring av eksisterande bygning.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Eva Cecilie Holm